

# Voss spelemannslag

## 75 år

Konsert i Gamlekinoen  
19. november 2016



Voss spelemannslag anno 1943. Framme frå venstre: Klaus Vethe, Brita Lunde, Eirik Ringheim (formann), Knut Skjeldal og Per Berge. Bak frå venstre: Olav N. Dolve, Knut Opheim, Torleiv Gjernes, Lars Skjervheim, Sigrd Kvåle og Anders Kjerland

## ***Historia om Voss spelemannslag gjennom 75 år***

Laget vart skipa 25. mai 1941. Sigbjørn B. Osa var styremedlem i Landslaget for spelemenn på den tida, og hadde fått i oppgåve å skipa spelemannslag i vestlandsbygdene. Då fall det naturleg å starta med Voss. I lokalavisa stod fylgjande:

*«Voss spelemannslag skal fyrst og fremst vera eit lag på hardingfela. Men også andre med interessa for denne greini av musikken er velkomne i laget. Og me vil oppmoda alle aktive spelemenn i vossabygdene om snarast å melda seg inn i Voss Spelemannslag.»*

Laget starta med øvingar i samspel, slåtteutveksling, tilskipping av konsertar og program-innslag i ymse samkomer. Fyrste gongen laget stod fram var på fest i Voss ungdomslag 13. des. 1941, og aktiviteten i laget auka utover i 1950-åra. I 1957 kom det i stand eit samarbeid med Voss ungdomslag om å skipa til folkloreprogram for turistar sumarstid.

Det var inga organisert opplæring i hardingfelespel den fyrste tida. Dei som byrja spela hardingfele måtte søkja kontakt med eldre spelemenn privat, for så å vera med på øvingar i laget etter kvart. Frå 1972 starta laget med organisert opplæring for born og ungdom, og dreiv denne "musikkskulen" fram til 2003. Då tok Voss kulturskule over grunnopplæringa på hardingfele.

I 1972 vart det vedteke at laget skulle omfatta aktivitet i bygdedans og kveding, og det vart sett i gang øvingskveldar og kurskveldar. Denne perioden vart avgjerande for rekruttering i laget. Småkvedarane vart stifta ilag med Ole Bull akademiet i 1993 og har levd som ei gruppe fram til i dag.

Laget og einskildutøvarar i spel, dans og kveding har ei lang liste med topplasseringar på landskappleikar og andre stemner.

Vossabygdene har hatt rike tradisjonar i folkemusikk i fleire hundre år. Desse tradisjonane i musikk, song og dans er ein viktig del av kulturlivet i bygda vår. Det er einskildpersonar som fører denne kulturen vidare, men spelemannslaget er eit viktig samlingsforum.

### ***Større tilskipingar i laget***

Voss spelemannslag har stått for tilskipinga av Landskappleiken i 1947, 1960, 1976, 1991, 2000 og 2010, og ei rekkje vestlandskappleikar. Slike stemner skapar stor aktivitet i laget med innøving av program for konsertar, i tillegg til organisering av

heile kappleiksopplegget. Laget har også nytt godt av dugnadsånda frå folk utanfor laget på slike arrangement. Stor takk til alle desse!

Laget har fleire gonger hatt utveksling med Malung spelemannslag i Sverige. Desse turane har vore til stor inspirasjon. Elles er det verdt å nemna tur til Decorah i USA i 1990 og Island i 1993, med stort programopplegg både stader.

### ***Minnemarkeringar***

- Sjur Helgeland 100 år, 1958. Her vart det reist bautastein i Myrkdalen og i samband med avdukinga var det stor tilskipping med innbedne spelemenn frå andre landsdelar.
- Ola Mosafinn 150 år, markert under Vestlandskappleiken på Voss i 1978.
- Sjur Helgeland 150 år, 2008, markeringar gjennom ulike arrangement.
- Lars Skjervheim 100 år, 2015, markeringar gjennom eit heilt år.

***Ole Bull Akademiet*** er ein viktig samarbeidspartnar for spelemannslaget. Her har laget sitt lydarkiv til nytte for både institusjonane, med lydopptak frå tilbake til 1911. Laget held til med øvingane sine her, spelar på kveldsætene for studentane m.m. Det har elles opp gjennom åra vore samarbeid med ulike songkor og musikklag i bygda.

***NRK si folkemusikkavdeling*** har ei stor samling av opptak med Voss spelemannslag og einskildpersonar i laget. Det er og gjort ei rekkje fjernsynsprogram der laget er medverkande.



**Voss spelemannslag anno 1990**

## ***Voss spelemannslag i dag***

Laget har i dag stor aktivitet på mange plan:

- Laget har faste vekentlege øvingar i hardingfelespel for vaksne på Ole Bull akademiet.
- Laget spelar til kveldseter på Ole Bull Akademiet, og er aktive i tilskippingar som Osafestivalen og Voss Folkemusikkscene.
- I samarbeid med Voss ungdomslag skipar laget til gammaldanskvevdar annakvar veke i Voss Ungdomshall.
- Laget har tilbod om danseundervisning i m.a. springar for ungdommar.
- Det vert arbeidd med rekruttering innan både spel, dans og kveding for dei unge. Spelemannslaget samarbeider med kulturskulen, og elevar derifrå og frå andre stader får tilbod om miljø-kveldar gjennom «Juniorklubben». I tillegg til fellesaktivitetar for dei unge i Juniorklubben, har me

- samspelgruppe
- kvedargruppe
- lausdansgruppe



## ***Tusen takk til sponsorane våre!***

- Hordaland fylkeskommune
- Voss sparebank
- Sparebankstiftinga Hardanger
- Voss kommune
- Kjell Herheim (foto)



### **Kontaktinfo:**

Heimeside: <http://vosspelemannslag.no/>

Epost: [post@vosspelemannslag.no](mailto:post@vosspelemannslag.no)

Tlf: Ragnhild Blikberg (94 28 85 89)